



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

***PPT for vidaregåande opplæring i  
Møre og Romsdal***

***Rutinar og prosedyrar  
Saksbehandling ved sakkunnig arbeid  
Samhandling mellom PPT og skolane***

**Revidert november 2011**

## Bakgrunn

### Bakgrunnen for utarbeiding av dette dokumentet er fleirsidig:

- behov for kvalitetssikring av rutinar og prosedyrar i forhold til det sakkunnige arbeidet generelt
- behov for å setje fokus på forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning og samarbeidet mellom skolane og PPT i ”førtilvisings-fasen”
- behov for utarbeiding av dokumentmalar for det sakkunnige arbeidet
- behov for kvalitetssikring i forhold til å oppfylle skoleeigars forpliktingar i § 13-10 om ansvarsomfang i Opplæringslova

### Gjennom ein slik gjennomgang ønskjer vi å oppnå

1. Større likskap i handsaminga av saker knytt til vidaregåande opplæring. Dette dreier seg mellom anna om rettstryggleiken til elevar, lærlingar og lærekandidatar.
2. Større grad av fokus på skolen si rolle før formell tilvising til PPT. Det er eit viktig prinsipp at det er skolen som skal eige kunnskap og kompetanse på grunnleggjande problematikk i forhold til tilpassa opplæring. Dette kan ein m.a. oppnå ved at skolen skal utføre grunnleggjande kartlegging og prøve ut tiltak før PPT ”tar saka”. Dette vil også vere effektiv utnytting av PPT sin kompetanse og tid. I utprøvningsfasen bør dialog mellom skolen og PPT vere ei arbeidsform.
3. Større grad av likskap og kunnskap internt i PPT for vidaregåande opplæring som ledd i kvalitetssikring av systemet rundt brukarane (elevar, lærlingar og lærekandidatar).

I *Håndbok for PP-tjenesten i Oslo og Akershus* blir det sagt slik på side 6:

- ”Bedre rutinene i PP-tjenesten ved mer lik praksis og felles standarder
- Legge forholdene til rette for en likeverdig behandling
- Øke bevisstheten i skoleverket om rettigheter og saksgang (forvaltningsaspektet)
- Sikre kvaliteten på det fagarbeidet som gjøres i PP-tjenesten og i skolen”

### Vi viser også til samrøystes vedtak i Utdanningsutvalet - 04.02.2009 i sak 5/09 A der Utdanningsutvalet m.a. ber om at

*”Det blir utarbeidd eit felles system for prosedyrar og saksgang for elevar med særskilte behov i vidaregåande opplæring.*

*Det blir sett ned ei gruppe som arbeider med test og kartleggingsmateriell for elevar i vidaregåande opplæring.”*

Dette dokumentet tar for seg rutinar og prosedyrar, det sakkunnige arbeidet og samhandling mellom PPT og skolane før- og i den sakkunnige prosessen.

Dokumentet er blitt til i ein prosess mellom PPT-koordinator og ulike faggrupperingar internt på Utdanningsavdelinga og i PPT. Det førebuande arbeidet vart gjort i ei referansegruppe beståande av 4 PPT-leiarar og PPT-koordinator.

Molde juli 2009

Anne Cathrine Røgeberg

## **Innhald**

### **Del 1**

- Krav i opplæringslova - PPT sine oppgåver, tilpassa opplæring og rett til spesialundervisning side 4 – 5
- Likeverdig og tilpassa opplæring - inkluderingsomgrepet – spesialundervisning side 6

### **Del 2**

- Førtilvisingsfasen – skolen og PPT sitt ansvar side 7
- Fasar i PPT sitt arbeid etter tilvising side 10

### **Del 3**

- Kartlegging av grunnleggjande dugleik – eit fagleg innspel i forhold til arbeidsmåtar og bruk av resultat side 10 – 12

### **Del 4**

- Det sakkunnige arbeidet – lov og forskrift med meir side 14 – 17
- Det sakkunnige arbeidet i søknadsprosessen side 18 – 20
- Tøndergård skole – ansvar for oppfølging av elevar side 21

### **Del 5**

- Vedlegg** side 22 - 38

## Del 1

### **Krav i opplæringslova – PPT sine oppgaver, tilpassa opplæring og rett til spesialundervisning:**

#### *§ 5-6. Pedagogisk-psykologisk teneste*

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.

#### *§ 5-1. Rett til spesialundervisning*

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha same totale undervisningstimetal som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

#### *§ 1-3. Tilpassa opplæring*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten.

Føyd til med lov 20 juni 2008 nr. 48 (i kraft 1 aug 2008, etter res. 20 juni 2008 nr. 621), tidlegare § 1-3 vart ny § 1-5.

#### *§ 4-2. Særlege rettar og plikter for lærlingen og lærekandidaten*

Lærlingen og lærekandidaten har rett til opplæring i samsvar med lærekontrakten og opplæringskontrakten.

Lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakarar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtalar. Der lærlingar og lærekandidatar har teikna både arbeidsavtale og lærekontrakt eller opplæringskontrakt med same part, kan arbeidsavtalen likevel ikkje hevast utan at lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan hevast etter § 4-5 tredje leddet og § 4-6 siste leddet.

Når læretida etter kontrakten er over, eller når kontrakten blir heva etter § 4-6, fell også arbeidsavtalen bort. Dersom lærlingen eller lærekandidaten skal halde fram i bedrifta, må ein ny arbeidsavtale inngåast.

Lærlingar og læreandidatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skole.

Læreandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5. For slik opplæring gjeld § 5-1, bortsett frå andre leddet siste setning, §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 29 juni 2007 nr. 91 (i kraft 1 aug 2007, etter res. 29 juni 2007 nr. 758).

Dokument som er nytta som bakgrunnsinformasjon er:

”Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, Utdanningsdirektoratet 2009.”Håndbok for PP – tjenesten”, Læringscenteret 2001.  
”Håndbok for PP – tjenesten i Oslo – og Akershus, Retten til spesialundervisning ved sakkunnighetsarbeid.”

Dei følgjande dokumenta i dette heftet vil på ulike måtar ta i vare begge PPT sine hovudoppdrag: retten til spesialundervisning og forhold knytt til tilpassa opplæring.

## **Likeverdig og tilpassa opplæring – inkluderingsomgrepet - spesialundervisning**

Det er visse grunnleggjande prinsipp som er gjennomgåande for all læringsverksemd i norsk skole, nemlig prinsippa om likeverdig og tilpassa opplæring i ein inkluderande skole. I tillegg kjem den lovfesta retten til spesialundervisning. I det følgjande blir desse prinsippa refererte slik dei kjem fram i skrivet ”Likeverdig opplæring – eit bidrag til å forstå sentrale begrep”, Oslo, Utdanningsdirektoratet, 2007:

**”Likeverdig opplæring** – handler om å gi alle like muligheter til opplæring uavhengig av evner og forutsetninger, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhørighet, bosted, familiens utdanning eller hjemmets økonomi. Likeverdig opplæring må derfor forstås både på systemplanet i et nasjonalt perspektiv med utgangspunkt i lov og forskrifter med læreplaner, og på individplanet for en opplæring tilpasset den enkeltes evner og forutsetninger.

**Inkluderende opplæring** – innebærer at alle tar del i fellesskapet på en likeverdig måte – faglig, sosialt og kulturelt. Det stiller krav til lærestedet og hver enkelt persons evne til å bygge gode relasjoner med utgangspunkt i menneskers egenart og likeverd. Inkludering er både en prosess og et mål, og dreier seg om hvordan lærestedet kan møte individets forutsetninger og behov på best mulig måte. Dette krever tilrettelegging for mangfoldet og endringer i tilbudet, slik at den enkelte deltar mer og har større utbytte av å delta i fellesskapet.

**Tilpasset opplæring** – er en plikt for skoleeier, opplæringsstedets ledelse og personale til å gi en god og forsvarlig opplæring ut fra den enkeltes evner og forutsetninger. Tilpasset opplæring innebærer blant annet valg av metoder, lærestoff og organisering for å sikre at den enkelte utvikler grunnleggende ferdigheter og når kompetansemålene. Dette forutsetter at opplærings situasjonen tilrettelegges på individ- og gruppenivå. Tilpasset opplæring innebærer ikke at all opplæring individualiseres, men at alle sider av læringsmiljøet tar hensyn til variasjoner hos dem som får opplæringen.

**Spesialundervisning** – er en rettighet etter opplæringsloven som skal sikre en tilpasset og likeverdig opplæring for personer som ikke har, eller som ikke kan få, tilfredsstillende utbytte av den ordinære opplæringen. Mens tilpasset opplæring er for alle, er retten til spesialundervisning knyttet til et enkeltvedtak basert på sakkunnig vurdering. Vedtaket skal være så klart og fullstendig at det ikke er tvil om opplæringstilbudets omfang, organisering og innhold. Alle som får spesialundervisning, skal ha en individuell opplæringsplan.”

## Del 2

### Førtilvisingsfasen – skolen og PPT sitt ansvar.

**Følgjande utdrag frå “Spesialundervisning, Veileder til opplæringsloven, Utdanningsdirektoratet 2009” definerer krav til skole og PPT sin medverknad i førtilvisingsfasen:**

Om skolens plikt til å vurdere elevens læringsutbytte:

*“En sak om hvorvidt eleven har rett til spesialundervisning etter opplæringsloven § 5-1 starter med at noen har mistanke om at en elev ikke får tilfredsstillende utbytte av opplæringen. I noen tilfeller kan det være foreldrene eller eleven selv som får en mistanke om dette, og krever at skolen gjennomfører de nødvendige undersøkelsene, jf. nedenfor. Ofte er det imidlertid en lærer som først opplever «bekymring» for en elevs trivsel, utvikling og læring. Det kan da være naturlig å drøfte slike bekymringer med kolleger, rektor eller med skolens spesialpedagogiske team eller den ved skolen som har særlig ansvar for spesialundervisningen. Det kan også være naturlig å ta opp slike bekymringer med eleven selv og/eller foreldrene.” (Veilederen 2009, s.46)*

*“Skolen bør vurdere både individfaktorer og systemfaktorer før det foretas en eventuell tilmelding til PP-tjenesten. Det må være en felles forståelse på skolen om at en del av kartleggingen av elevens behov kan gjøres av læreren/lærerne ved skolen. Det må være kjent hva slags kartlegging dette kan være, og hvor materiellet er tilgjengelig. Resultatet av kartleggingen skal oppsummeres og inngå i den pedagogiske rapporten som eventuelt sendes til PP-tjenesten. Den pedagogiske rapporten tjener også som dokumentasjon på hva som er gjort fra skolen sin side. Dette gjelder blant annet tilpasning av opplæringen”. (Veilederen 2009, s.46)*

*“Foruten en formell tilmelding fra skoleeier/skolen til PP-tjenesten vil det, avhengig av sakens natur, være naturlig med mer uformell kontakt og dialog mellom skolen og PP-tjenesten. Dette gjelder både som ledd i skolens generelle tilrettelegging av opplæringstilbudet og som ledd i PP-tjenestens systemrettede arbeid.” (Veilederen 2009, s.46)*

Med bakgrunn i desse føringane har Utdanningsavdelinga utarbeidd eit flytskjema som tar i vare dei krava som er stilte i nemnde føringar. Slik arbeidsmåte gir fagleg utvikling for skolen og den einskilde lærar fordi ein må vere løysingsorientert på eigen arena før PPT blir ein formell part. Dette fører til refleksjon og kompetanseheving i fagmiljøa på skolen. Tilpassa opplæring blir eit tema.


I denne fasen kan PPT vere i dialog med skolen som ein meir uformell drøftingspart dersom dette er ei tenleg samarbeidsform. Slikt samarbeid vil føre til at PPT får betre innsikt i skolen sitt “indre liv” og læringsmiljø, ei innsikt som PPT har bruk for i det sakkyndige arbeidet og i samarbeidet med skolen generelt. Arbeidsmåten fremjer kunnskap og kompetanse både for skolen og for PPT.

Det blir i tillegg vist til kapittel 6 i “Veilederen”

**På neste side blir saksgangen i førtilvisingsfasen illustrert ved hjelp av eit “flytskjema”.**

## Flytskjema

### Rutinar i førtilvisingsfasen – vurdering av læringsutbytte



## **Bruk av “flytskjemaet” – eit krav og ein arbeidsmåte**

### **Kva oppnår vi ved bruk av “flytskjemaet”?**

#### **Ei oppsummering:**

- Eleven får ei oppfølging som tener læringsarbeidet
- Skolen aukar sin kompetanse på kartlegging/korleis tolke og bruke resultat i læringsarbeidet
- Skolen aukar sin kompetanse på tilpassa opplæring
- PPT blir ein medspelar i prosessen som styrkar organisasjonskunnskapen
- PPT får eit breiare grunnlag for vidare arbeid med eleven og kan nytte sin fagkunnskap på ein betre måte
- Den sakkunnige vurderinga blir meir presis
- Enkeltvedtaket blir tydelegare

Og ikkje minst:

Ansvarsfordelinga mellom skole og PPT blir tydelegare samtidig som rommet for samarbeid undervegs kan bli større. Dette fører til kompetanseheving for begge partar.

#### **NB**

Flytskjemaet og arbeidsmåten skal nyttast som forarbeid til alle nye tilmeldingar til PPT. Dette er eit krav i sentrale føringar (“Veilederen” frå Utdanningsdirektoratet) - og eit krav frå Møre og Romsdal fylkeskommune som skoleeigar

## Fasar i PPT sitt arbeid etter mottatt tilvising

Informasjonsinnhenting i tillegg til det som følger tilvisinga - eksempelvis <ul style="list-style-type: none"><li>○ Informasjonsinnhenting frå andre instansar</li><li>○ Møter med elev/foreldre/skole – avtale om vidare arbeid</li></ul>
Observasjon Testing/ kartlegging
Skriftlig rapportering knytt til resultat av kartlegging med fokus på eleven sine behov Munnleg tilbakemelding til elev/foreldre/skole – konsekvensar for læringsarbeidet – avtale om vidare arbeid – behov for spesialundervisning/utarbeiding av sakkunnig vurdering?
Utarbeiding av sakkyndig vurdering
Skolen følgjer sine rutinar fram mot enkeltvedtak Tiltak blir sett i gong
PPT si formelle rolle i vidare arbeid knytt til eleven blir vurdert (deltaking i ansvarsgrupper/samarbeidsmøter, oppfølging av eleven i skolen, kontakt med andre instansar, skole/elev kontaktar PPT ved behov)

## Del 3

### **Kartlegging av grunnleggjande dugleik– eit fagleg innspel i forhold til arbeidsmåtar og bruk av resultat.**

#### **Innleiande merknad**

Denne delen er å sjå på som eit forslag til prosedyre og arbeidsmåte. Her må skolane drøfte og finne sin eigen arbeidsmåte, som skole, og saman med PPT. Vidare drøftingar om temaet bør gå føre seg i t.d. ressursteam på den einskilde skole. Nokre hovudretningslinjer er likevel på sin plass å trekke. Kartlegging av grunnleggjande dugleik har vore tema i regionsmøta og i rektormøtet.

#### **Obligatorisk kartlegging – korleis nytte kartleggingsresultat i norsk, matematikk og engelsk på vg1 nivå? Skolen sitt ansvar - PPT si rolle og ansvar.**

Mål: tilrettelegging /tilpassa opplæring i tråd med føresetnader, læringsmål og vurdering for læring som fremjar læringsutbytte og auka gjennomføring.

#### 2 aktuelle utdrag frå stortingsmeldingar:

”Stortingsmelding 16 (2006-2007) ...og ingen stod igjen, s. 77

*Vurdering, tilbakemelding og målrettet oppfølging av elevenes læringsutvikling og læringsutbytte må etter departementets oppfatning prioriteres høyt i hele grunnopplæringen. Alle elever, lærlinger og lærekandidater har behov for informasjon om og vurdering av sin læringsutvikling for å motiveres til innsats. De må gis en klar forståelse av de forventningene som stilles og gis muligheter til å bli bevisst og utvikle sine egne ambisjoner, uavhengig av familiebakgrunn. Kontinuerlig vurdering og tilbakemeldinger gir gode resultater i form av økt læringsutbytte, spesielt for elever med svake faglige ferdigheter. Kunnskap om elevenes læringsutbytte, fra tidlig i opplæringsløpet, er avgjørende for at skolen skal kunne gi opplæring tilpasset den enkelte elev. Skoleledelsen har behov for informasjon om utviklingen i skolens resultater for å kunne målrette skolens utviklingsarbeid.”*

Stortingsmelding 31 (2007-2008), Kvalitet for læring s. 62/63:

*”Departementet vil også innføre obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og regning ved starten på 1. trinn i videregående opplæring. Regneprøvene kan første gang gjennomføres høsten 2009, mens leseprøvene vil være ferdig til høsten 2010. Disse prøvene skal avdekke hvilke elever som har særskilte problemer og som trenger spesiell oppfølging. Dette vil gi skolene muligheten til å fange opp elever med særskilte utfordringer tidlig og være med på å forebygge at elever avbryter videregående opplæring fordi de har for svake grunnleggende ferdigheter til å følge med i fagene.*

*Kartleggingsprøver skal først og fremst brukes av lærerne for å identifisere elever med særskilte utfordringer slik at disse kan få ekstra oppfølging. Aggregerte resultater fra prøvene kan også benyttes av rektorer og skoleeiere til å prioritere områder for utvikling og i resultatoppfølgingen.”*

#### Kartlegging av grunnleggjande dugleik

Kartlegging av grunnleggjande dugleik i rekning og lesing er innført for alle elevar i vidaregåande opplæring etter skolestart på Vg1. Kartlegginga er administrert og utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. Prøven i rekning vart gjennomført første gong hausten 2010, i lesing hausten 2011. I tillegg er det utarbeidd ei frivillig prøve i engelsk. Saman med

retteiingsmateriellet til prøvene vil resultatet av kartleggingsprøvene være eit nyttig verkty for å sette i gong tiltak for elevar som har behov for ekstra oppfølging.”

[Udir.no](http://Udir.no) - Kartleggingsprøver videregående opplæring

Utdanningsavdelinga har gjennomført ei spørjeundersøking i skolane om erfaringar frå kartlegginga i rekning hausten 2009, samt ei vurdering av praksis for oppfølging på skolane. Det vil bli arbeidd vidare med dette.

### **Korleis nytte resultatata frå kartleggingsprøvene til beste for elevane si læring?**

Grunnleggjande føresetnad: Alle skolane skal ha eit system som er tydeleg i forhold til bruken av kartleggingsresultata, eit system som fremjar tilpassa opplæring og tenlege tilretteleggingstiltak og som har fokus på elevane sitt læringsutbytte.

### **Skjematisk framstilling av moglege arbeidsmåtar**

<b>Skolen sitt ansvar og rolle</b>	<b>PPT sitt ansvar og rolle</b>
Gjennomføre kartlegging – leiinga skal vere tydeleg på forventningar til bruken av kartleggingsresultata	PPT bør vere drøftingspart
Vurdere resultatata i team – drøfte generelle tiltak for gruppa (auka kompetanse/tilpassa opplæring). Leiinga si rolle?	PPT bør vere drøftingspart med tanke på å danne seg eit heilskapleg bilete (auka kompetanse/tilpassa opplæring)
Vurdere resultatata i faggrupper – drøfte generelle fagrelaterte tiltak for gruppa (auka kompetanse på tilpassa opplæring). Leiinga si rolle?	PPT bør vere drøftingspart med tanke på å danne seg eit heilskapleg bilete (auka kompetanse tilpassa opplæring)
Kva for elevar har behov for spesielle tiltak i tillegg til dei generelle?	PPT skal vere drøftingspart
Igangsetting av tiltak – Tilrettelegging/tilpassa opplæring	
Vurdering av effekt av tiltak – drøfting i ressursteam – eventuell ny kartlegging av enkeltelevar.	PPT skal vere samarbeidspart
Eventuell utarbeiding av pedagogisk rapport for enkeltelevar – (større behov/spesialundervisning?)	PPT kan vere drøftingspart
Skolen kan vere part under samtalen	PPT gjennomfører ved behov førtilvisingssamtale med eleven
Eventuell tilvising PPT – skolen retteleier eleven i forhold til skjema. Foreldre/føresette informerast.	

### Kommentarar:

Nødvendig kontakt med elevane i alle fasar må bli vurderte undervegs.

Ved systematisk arbeid på feltet vil både skole og PPT auke kunnskap om tilpassa opplæring, tiltak som kan rettast mot heile gruppa og meir spesifikke tiltak mot einskild elevar.

### **Kompetanse på kartlegging og testmateriell**

Det er eit mål at skolane skal ha kompetanse på enkle kartleggingsmateriell ut over dei obligatoriske kartleggingsprøvene. Nokre skolar har slik kompetanse.

Aktuelle arbeidsreiskap:

Kartleggeren, rådgiveren elektronisk reiskap

Carlstens leseprøve for vgo i norsk

M – prøvene for 10 årstrinn

Namngitte personar i skolesystemet må ha ansvar for slikt materiell og kunnskap om bruk og tolking. PPT skal vere med å syte for at nødvendig kompetanse etter kvart blir opparbeidd i skolane.

Del 3 om kartlegging er i stor grad bygd på resultat av drøftingar i arbeidsgruppe oppretta omkring temaet. Gruppa har bestått av 2 repr. frå skolane, Egil Ruud og Dagfinn Fredly, 2 frå PPT, Gro Holmen og Jørgen Wiik og 2 frå utdanningsavdelinga, Kristin G. Vonhein og Anne C Røgeberg.

## Del 4

### Det sakkunnige arbeidet

#### Lov og forskrift med meir

##### Lov

#### Sakkunnig vurdering etter Opplæringslova § 5 - 3

##### § 5-3. Sakkunnig vurdering

Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 eller vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om den sakkunnige vurderinga.

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1 eller § 5-7.

**Om sakkunnig vurdering** – så side 53 og vidare i

“**Veileder til opplæringsloven – spesialundervisning**”,  
Utdanningsdirektoratet september 2009



## Forskrift – Særskilt prioritert

### utdanningsprogram

### Sakkunnig vurdering og vilkår for inntak til særskilt prioriterte utdanningsprogram i Vg1 for søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1

#### § 6-18. *Kven som er sakkunnig*

Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta, jf. opplæringslova § 5-6.

#### § 6-19. *Den sakkunnige vurderinga*

Den pedagogisk-psykologiske tenesta må sjå til at det ligg føre ei tilstrekkeleg sakkunnig vurdering, jf. § 6-20. Den sakkunnige vurderinga skal gjere greie for

- a) behovet som søkjaren har for spesialundervisning
- b) problema som ligg til grunn for søknaden
- c) føresetnader og moglegheiter som søkjaren har for å meistre dei utdanningsprogramma på vidaregåande trinn 1 han eller ho har søkt, og grunngiving for at den sakkunnige tilrår det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1
- d) vurdering av om søkjaren eventuelt har føresetnader for å meistre andre utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 enn det utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 som han eller ho har ført opp som sitt primære val
- e) opplysningar om tidlegare tiltak og behov for tiltak i vidaregåande opplæring
- f) utviklingsmoglegheitene for søkjaren i det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 som han eller ho har valt og
- g) om ein reknar med at det kan bli behov for opplæring utover 3 år etter opplæringslova § 3-1 femte ledd.

Fylkeskommunen skal sjå til at den sakkunnige vurderinga er i samsvar med føresegnene i dette kapitlet.

#### § 6-20. *Vilkår for inntak til særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1*

Vilkår for inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 er at søkjaren har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 første ledd og rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Søkjaren må dessutan ha behov for spesialundervisning på grunn av ein eller fleire av desse vanskane:

- a) sansedefektar og motoriske defektar
- b) store lærevanskar
- c) emosjonelle eller sosiale problem
- d) store samansette funksjonshemmingar
- e) andre funksjonshemmingar.

Søkjaren har rett til inntak til det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1 dersom han eller ho har valt på grunnlag av og i samsvar med den sakkunnige

vurderinga.

### **§ 6-21. Inntaksrekkefølga**

Inntaksinstansen i fylkeskommunen tek inn søkjarar til særskilt prioriterte utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 på grunnlag av den sakkunnige vurderinga.

Når det er innbyrdes konkurranse mellom søkjarar til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, må fylkeskommunen prioritere dei søkjarane som har størst behov.

## **Vidaregåande opplæring - Utvida rett, Opplæringslova**

### **§ 3-1, 5. ledd**

Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida opplæringstid, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har. Retten gjeld også for elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9, rett til opplæring i punktskrift etter § 3-10 eller rett til særskild språkopplæring etter § 3-12.

### **“Veilederen” (Udir 2009) s. 89 - 2.7. Rett til vidaregåande opplæring i inntil fem år etter sakkyndig vurdering**

*Vilkårene for slik utvidet rett er for det første at eleven har rett til spesialundervisning, og at det foreligger en sakkyndig vurdering av elevens særlige behov for opplæring utover tre år, jf. opplæringsloven kapittel 5.<sup>39</sup> For det andre må eleven ha behov for mer tid i vidaregåande opplæring. Dette behovet skal vurderes i forhold til de opplæringsmålene som er fastsatt for den enkelte eleven, blant annet i IOP-en etter § 5-5. Kravet er at eleven må ha utbytte av mer vidaregåande opplæring.*

*Den sakkunnige vurderingen må derfor vurdere og ta stilling til om eleven vil ha utbytte av utvidet tid for å nå opplæringsmålet. Opplæringsmålet trenger ikke være full kompetanse. Retten gjelder heltidsopplæring i inntil to år ekstra.*

Om elevar som har rett til utvida tid på bakgrunn av at dei har rett til særskilt språkopplæring, rett til opplæring i og på teiknspråk og rett til opplæring i punktskrift, sjå side 18,

## **Lærekontrakt med unntak frå den fastsette opplæringsordninga**

### **Veiledning UFD 2004, kap 2.7.3:**

*Avvikende kontraktsvilkår for lærlinger kan fastsettes i individuell opplæringsplan (opplæringsloven § 5-5). Avviket kan for eksempel være at lærlingen begynner direkte i lære i bedrift uten forutgående obligatorisk grunnkurs og videregående kurs i skole.*

*Det gis spesielle tilskudd til lærebedrifter for opplæring av lærlinger med særskilte behov. Søknad om denne type tilskudd må vedlegges sakkunnig uttalelse av nyere dato. Sakkunnig instans er i denne sammenheng den pedagogisk-psykologiske tjenesten.*

Nb. Vi nytter her teksten frå “veilederen” frå 2004 som har ein meir presis tekst enn ny “veileder”.

**Sakkyndig instans – sakkyndig uttale (ikkje knytt til § 5-3 om spesialundervisning) – PPT sitt ansvar, sjå mal 7.**

**Sjå også ny” Veileder til opplæringslova om spesialundervisning”  
Utdanningsdirektoratet, september 2009, kap 7.**

## **Lærekandidatar**

### **Lov § 4.2, fjerde ledd**

#### **Veiledning UFD 2004, utdrag kap.2.7.4:**

*Opplæringen for en lærekandidat skal ta utgangspunkt i læreplanen for faget, kandidatens faglige nivå og hans eller hennes ønske om hva opplæringen skal føre fram til. På dette grunnlaget har fylkeskommunen ansvaret for å fastsette en plan for opplæringen for hver enkelt lærekandidat.*

*Lærekandidater som ikke har, eller som ikke kan få tilfredsstillende utbytte av det vanlige opplæringstilbudet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5 (opplæringsloven § 4-2 fjerde ledd). For slik undervisning gjelder bestemmelsene i loven om sakkunnig vurdering (opplæringsloven § 5-3), og lærekandidaten har krav på en individuell opplæringsplan (opplæringsloven § 5-5).*

*Den individuelle opplæringsplanen må utarbeides i samarbeid med bedriften og så langt som mulig ha de samme faglige kravene som læreplanen for faget. Målet for opplæringen omfatter imidlertid ikke alle målene i læreplanen for faget. Utvalget av mål må ta utgangspunkt i læreplanen, i lærekandidatens ønske om hva opplæringen skal føre fram til, og i lærekandidatens faglige nivå.*

Nb. Vi nytter her teksten frå “veilederen” frå 2004 som har ein meir presis tekst enn ny “veileder”.

### **Sakkyndig vurdering etter § 5-3 og**

**sakkyndig instans – sakkyndig uttale (ikkje knytt til § 5-3 om spesialundervisning) – PPT sitt ansvar, sjå mal 7**

**Sjå også ny” Veileder til opplæringslova om spesialundervisning”  
Utdanningsdirektoratet, september 2009, kap 7.**

## **Det sakkunnige arbeidet i søknadsprosessen**

### **Førebuing til innsøking og sakkunnig arbeid i samband med overgang til vidaregåande opplæring.**

Seinast i løpet av hausten på 10. årstrinn må grunnskolen informere PPT om elevar som skal søke om inntak til vidaregåande opplæring med behov for spesialundervisning. Dette vil i hovudsak vere elevar som PP -tenesta er godt kjende med.

For elevar med store behov for spesialundervisning og organisatoriske og/eller praktiske tilretteleggingstiltak bør planlegging av overgangen starte tidlegare. Ved slike høve er det viktig å ta kontakt med Utdanningsavdelinga i ein tidleg fase slik at informasjon om behov og dialog om moglege løysingar blir så god som råd.

Ungdomsskolen (avgjevarskole) i samarbeid med PPT for grunnskolen kallar inn mottakarskole og eventuelt ny PPT/nye sakshandsamarar for PPT for vidaregåande opplæring, for utveksling av informasjon om elevar som bør søkast inn med behov for spesialundervisning. I nokre regionar/distrikt kan dette dreie seg om alle elevar med behov for spesialundervisning. I andre distrikt der elevstraumane er meir utføreseielege, må fokus vere på elevar med dei største hjelpebehova.

Det er viktig å merke seg at slik informasjonsutveksling mellom ulike forvaltningsnivå skal skje anonymt så sant det ikkje er innhenta samtykke frå føresette til eleven om at namngitt informasjon kan finne stad.

Om ansvarsdeling mellom PPT for grunnskolen og PPT for vidaregåande opplæring, sjå vedlegg: Brev

PPT og grunnskolen må bli einige om fristar for tilmelding av elevar med behov for nye utgreiingar slik at desse er ferdig i god tid før utarbeiding av sakkunnige vurderingar til 1. februar. Som eit utgangspunkt bør behov for nye utgreiingar vere avdekkja og på plass i løpet av 9. årstrinn så sant det ikkje oppstår nye situasjonar som fører til nye behov.

For elevar som søkjer til Vg2, Vg3, fagopplæring eller er OT ungdom må det på same måten som i grunnskolen bli sett fristar for nye tilmeldingar. Ressursteama på dei vidaregåande skolane der PPT er representert, er ein arena for fastsetting av tidsfristar, drøfting av behov for den enkelte elev m.m.

I utgreiingsfasen inngår møte/ samarbeid med elev, føresette, skole og eventuelle andre instansar som viktige element saman med dei spesifikke karteggingane og testmateriell PPT ser på som nødvendige for at innsikta skal bli god nok. I denne fasen vil både skolen og PPT vere viktige rådgjevarar for elev og føresette.

Til vanleg er det grunnskolane, dei vidaregåande skolane og OT som er innsøkjande instans/hjelpeinstans saman med eleven/føresette. Unntaksvis kan andre instansar vere hjelpeinstans (vaksenopplæringsentre, NAV mfl.) Sakkunnig vurdering frå PPT skal følgje søknaden som vedlegg.

## **Informasjonsflyt etter inntak**

### **Elevar som blir prioritert inn i inntaket og elevar som blir tatt inn i samband med ordinært inntak.**

Mottakar PPT og skole går igjennom søknadene når prioritert inntak er klart i mai, ved skolestart for dei som blir tatt inn i ordinært inntak. Mottakar PPT etterspør fleire opplysningar frå avgjevar PPT dersom ein ser eit behov for slik informasjon.

A-skjemaet med vedlegg kan overførast direkte til ny PPT så sant elev/føresette har gitt samtykke til slik overføring. Sjå underskrift som innbefattar slikt samtykke på A-skjemaet. Dersom andre dokument blir oversendt frå eit PPT kontor til eit anna, er det nødvendig med samtykkeerklæring frå elev/foreldre, sjå vedlegg 3 i dette dokumentet.

## **Sakkunnige vurderingar (viser og så til vedleggsdokument “Nye rutinar bygd på rundskriv 4 -2009”)**

PPT utformar den sakkunnige vurderinga i tråd med gjeldande krav til slik vurdering. For generelle krav til sakkunnige vurderingar viser vi til Opplæringslova § 5-3 og til ”Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning”, Utdanningsdirektoratet september 2009.

I den vidaregåande opplæringa er det visse ”særkrav” til innhald i sakkunnige vurderingar som PPT må ta omsyn til.

1. For elevar som søker om rett til **særskilt prioritert utdanningsprogram** etter forskrift § 6-20, skal sakkunnig vurdering i samsvar med forskrift § 6-19 ligge ved søknaden. Gjeld bare for søknad om inntak til Vg1.
2. **Utvida rett** (Opplæringslova § 3-1, 5 ledd)
  - A.** Elevar med rett til **spesialundervisning** som ikkje har nådd planlagde opplæringsmåla i løpet av tre år, kan søkje om utvida rett (4. eller 5. opplæringsår). Dette skal skje til 1. februar på A-skjema det året søkjaren er elev på Vg3. Sakkunnig vurdering skal grunngi behovet for utvida opplæringstid og vise kva for opplæringsmål eleven ikkje har nådd i løpet av dei første 3 åra i vidaregåande opplæring. Sakkunnig vurdering mal 6 A.
  - B.** Elevar som har hatt særskilt språkopplæring, opplæring i og på teiknspråk eller opplæring i punktskrift som ikkje har nådd planlagde opplæringsmål i løpet av tre år, kan søkje om utvida rett (4. eller 5. opplæringsår) på eige skjema med søknadsfrist 1. mars.  
(NB, dersom elevar i ovanfor nemnde kategoriar har rett til spesialundervisning skal mal 6 A nyttast.) Sakkunnig vurdering skal grunngi behovet for utvida opplæringstid og vise kva for opplæringsmål eleven ikkje har nådd i løpet av dei første 3 åra i vidaregåande opplæring. Sakkunnig vurdering mal 6 B.
